



## Notat

Dato: 19.09.2014  
Arkivsak: 2014/1355-9  
Saksbehandlar: hanrun

---

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet  
Adminstrasjonsutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Oppfølging av medarbeidarundersøkinga

I adminstrasjonsutvalet sitt møte 3. juni blei det lagt fram ei meldingssak (RS 12/14) om medarbeidarundersøkinga som blei gjennomført blant alle tilsette i fylkeskommunen i mars i år.

Undersøkinga viste at dei tilsette er relativt godt tilfredse med å arbeide i Hordaland fylkeskommune. Spørsmål som handla om leiing fikk likevel relativt sett lågare skår i undersøkinga enn dei andre fem hovudtema. Dette gjaldt spørsmål om overordna leiing på den arbeidsplassen ein høyrer til og nærmeste leiari. Utfordringane såg ut til å vere knytt til om leiari set klare mål og følgjer desse opp, om leiari fordeler arbeidet på ein god måte, og om leiari aktivt støtter dei tilsette si utvikling.

Spørsmål knytt til samarbeid på tvers og opplevd arbeidspress skåra og lågt i undersøkinga. Ei stor gruppe tilsette ga uttrykk for at arbeidet tidvis går ut over helsa deira.

For å følgje opp resultata frå medarbeidarundersøkinga har fylkesrådmannen satt i verk følgjande tiltak på overordna nivå:

- Hovudoppfølging skjer i lina. Rådmannen har ei tett oppfølging av kvar einskild fylkesdirektør. Mellom anna vil ein følgje opp kravet om lokale handlingsplanar for oppfølging av undersøkinga. Formell rapportering av tiltak i handlingsplanane vil skje i mars 2015.
- Leiariopplæring:
  - Det er innført obligatorisk opplæring av nye leiilar gjennom HFK Leiarskulen. Første kull gjennomførte denne leiariopplæringa i vår, nytt kull starta opp i haust.
  - Program for leiariutvikling vert starta opp i samarbeid med AFF. Målgruppa for dette programmet er meir erfarne leiilar. Første kull starter opp i haust og vil følgjes tett fram til sommaren 2015.
  - Det er innført tilbod om leiargruppeutvikling i samarbeid med AFF.
  - Det vert løpende arrangert kurs for leiare i utvalde tema, til dømes oppfølging av sjukemelde, medarbeidarsamtale, m.v.

- Styrking av samarbeid på tvers: Dette er eit sentralt tema i samband med prosjektet «Førebuod på framtida», der konkrete tiltak vil bli utarbeidd. Ein legg m.a. opp til auka satsing på tverrfagleg prosjektorganisering. I tillegg vert det etablert eit eige leiarforum for kunnskapsdeling og erfaringsoverføring blant seksjonsleiarar i fylkesadministrasjonen.
- Tydelegare målstyring: I samband med budsjettprosessen for 2015 har alle avdelingar levert 3-5 arbeidsmål.
- Medarbeidarsamtalen: Her vurderer ein justering av samtaleopplegg, mellom anna for å knytte meir opp mot arbeidsmål.
- Fysisk arbeidsmiljø: Det er særleg innafor skole at ein ikkje var nøgd med det fysiske arbeidsmiljøet. HMT-seksjonen er engasjert for å utarbeide ei rettleiing for oppfølging av arbeidsplassforskriften. Denne rettleiinga vil vere til hjelp for Opplæringsavdelinga og leiarane ute på skulane når det gjeld tilrettelegging av det fysiske arbeidsmiljøet.
- Oppleving av at arbeidet går ut over helsa: Her vil ein sjå nærmere på følgjande:
  - Rambøll Management Consulting vil gjere ei analyse av kva for faktorar helsespørsmålet samvarierer med. Det vil bli gjort felles analyser for å sjå om det er nokre samanhengar på tvers av organisasjonen, samt separate analyser for tannhelsesektoren og opplæringssektoren.
  - HMT-seksjonen vil gjere ei eiga undersøking av kva som er årsaka til at oppleving av helsepåverknad i organisasjonen er så ulik. Målsettinga med undersøkinga er å få kartlagt kva som gjer at tilsette opplever negativ helsepåverknad. I tillegg ynskjer ein å lære av dei som har det bra, slik at ein kan bruke dette i systematisk MHT-arbeid vidare, mellom anna i kursing og rådgjeving. Ved gjennomføringa av undersøkinga vil ein velje ut nokre einingar mellom anna innafor tannhelse- og opplæringssektoren, og sjå nærmere på desse. Før endeleg val av einingar vil ein sikre seg at einingane er relativt representative.